

# Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: QEFR5G

Registrert dato: 11.09.2020 11:06:18

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om innsendaren	
Førenamn Jorunn	
Etternamn Leiknes	
Adresse Røsvikdalen	
Postnummer 5914	Poststad ISDALSTØ
Telefon 95798574	
E-post jorunn.leiknes@gmail.com	

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale:
<input type="radio"/> Kommunedelplan - Oppvekst
<input type="radio"/> Kommunedelplan - helse_omsorg
<input checked="" type="radio"/> Detaljregulering for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustader i Knarvik
<input type="radio"/> Detaljregulering for Framo Flatøy AS
<input type="radio"/> Områdeplan Knarvik - Endring
Uttale
<p>Kvassnesstemma.</p> <p>At det er tale om at Kvassnesstemma skal byggjast om og verta delvis øydelagd høyres både utruleg ut og heilt historielaut. Dette er eit friområde som har vore brukt av innbyggjarane i nærare 50 år.</p> <p>Eg har budd i Knarvik i 46 år, siste 34 år i Røsvikdalen. Her i Knarvik har ungane våre vakse opp, her leika dei både sommar og vinter ved det dei kalla Oddvarvatnet. Det var fising om sommaren og skøytelep om vinteren.</p> <p>Etter kvart vart fleire og fleire interesserte i denne perla midt i Knarvik, og etter kvart vart Oddvarvatnet bygd om til det som no er Kvassnesstemma. Turstien rundt vatnet vart laga, snart kom endene og stemma vart snart eit populært turområde for familiane i Knarvik.</p> <p>Vi har brukt Kvassnesstemma som turområde i alle åra vi har budd i Knarvik. Først saman med barna våre, sidan saman med barnebarna som alltid har lyst å gå på tur der. Først og fremst sidan det er bilfritt å gå bort der for alle oss som bur i nærområdet og dessutan er det gøy for dei små å mate endene. Det er til og med bygd ei fin sandstrand der og siste åra eit lite overbygg med benker der en kan spise matpakka eller berre kvile seg.</p> <p>Eg slit med helsa og den beste medisinen min er å gå turar. Difor er eg ein ivrig turgåar og Kvassnesstemma vert</p>

myke brukt. Her kan eg gå utan biltrafikk, det er skralt med forgjengarfelt i Knarvik.. Stemma vert Ikkje berre brukt til trim, men også som gjennomgang eller snarveg for å koma til butikkar, lege, buss m.m. som du må opp i sentrum for å nå. Det er uvurdeleg å ha ein stad der ein kan gå utan å ta hensyn til sykklar og biltrafikk.

Eg har møtt folk på stien som er overraska over at vi kan ha ei slik fin perle midt i Knarvik. Det er folk som bur utanbygds, men som har hatt ærend i Knarvik og som ventar på buss e.l. I staden for å gå på trafikerte vegar, kan ein ta seg ein tur i frisk luft i ventetida. Ofte ser eg arbeidsfolk som tar matpakka med seg til det vesle overbygget ved stranda og berre set og nyt utsikta. Vi er heldige som har ein slik juvel i nærområdet.

Eg er ofte på Manger der dei i det siste har bygd eit liknande tilbod for folk i sentrum: Ein tursti frå Coop'en og ned til vatnet. Dette liknar mykje på det området vi har hos oss, og som folk der set veldig pris på. Korleis kan politikarane tenkja på å øydeleggja eit slikt nydeleg friområde som vi har her, når dei støttar utbygging av slike friområder andre stader i kommunen?

Det nyttar ikkje å tenkja berre på byutvikling, dersom ein ikkje tek hensyn til folk som bur her. Kvassnesstemma må bevarast slik den er, til glede for oss som no bur her og komande generasjonar Ein stor honnør i samarbeidspartia som har valt å gjera ein grundigare utredning av prosjektet. Eg heier på dykk, og håpar inderleg at prosjektet ved Kvassnesstemma vert stoppa.

Vh

Jorunn Leiknes